

**KOMMISJONSDIREKTIV 97/59/EF**

av 7. oktober 1997

**om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 90/679/EØF om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for biologiske agenser på arbeidsplassen (sjuende særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 17,

med tilvising til rådsdirektiv 90/679/EØF av 26. november 1990 om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for biologiske agenser på arbeidsplassen (sjuende særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)<sup>(2)</sup>, endra ved rådsdirektiv 93/88/EØF<sup>(3)</sup> og kommisjonsdirektiv 95/30/EF<sup>(4)</sup>, særleg artikkel 19,

med tilvising til fråsegna frå Det rådgevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen og

ut frå desse synsmåtane:

Dei føresegnene som er fastsette i direktiv 90/679/EØF, må reknast som ein viktig del av den heilskaplege metoden for å verne helsa til arbeidstakarane på arbeidsplassen.

Føremålet med direktiv 93/88/EØF, der det er fastsett ei første liste over biologiske agensar på grunnlag av definisjonane i artikkel 2 bokstav d) nr. 2, 3 og 4 i direktiv 90/679/EØF, er å harmonisere tilhøva på dette området og samstundes tryggje dei framstega som er gjorde.

Lista over og klassifiseringa av dei biologiske agensane må granskast jamleg og reviderast med grunnlag i nye vitenskaplege data.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i direktiv 89/391/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Vedlegg III til direktiv 90/679/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynnte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. mars 1998. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunnngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. oktober 1997.

*For Kommisjonen*

Pádraig FLYNN

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne rettsakten, kunnngjort i EFT L 282 av 15.10.1997, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 94/98 av 25. september 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. L 183 av 29.6.1989, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF nr. L 374 av 31.12.1990, s. 1.

(<sup>3</sup>) TEF nr. L 268 av 29.10.1993, s. 71.

(<sup>4</sup>) TEF nr. L 155 av 6.7.1995, s. 41.

## VEDLEGG

I vedlegg III til direktiv 90/679/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. Agensane nedanfor vert lagde til og klassifiserte på følgjande måte:
  - i lista «BAKTERIER»:
    - *Bartonella (Rochalimea)* spp., klassifisert i gruppe 2,
    - *Escherichia coli*, verocytotoksiske stammer (t.d. O157:H7 eller O103), klassifisert i gruppe 3(\*\*) med merknaden «T»,
    - *Mycoplasma hominis*, klassifisert i gruppe 2,
    - *Mycoplasma caviae*, klassifisert i gruppe 2,
    - *Shigella dysenteriae*, bortsett frå type 1, klassifisert i gruppe 2,
  - i lista «VIRUS»
    - under *Arenaviridae*:
      - Guanarito, klassifisert i gruppe 4,
      - Sabia, klassifisert i gruppe 4,
      - Flexal, klassifisert i gruppe 3,
      - andre lymfocytær choriomeningitt-Lassa-virusgrupper, klassifiserte i gruppe 2,
    - under *Bunyaviridae*:
      - Germinston, klassifisert i gruppe 2,
      - Sin Nombre (tidlegare Muerto Canyon), klassifisert i gruppe 3,
      - Belgrade (øg kalla Dobrava), klassifisert i gruppe 3,
      - Bhanja, klassifisert i gruppe 2,
    - under *Flaviviridae*:
      - Hepatitt G, klassifisert i gruppe 3(\*\*) med merknaden «D»,
    - under *Herpesviridae*:
      - Humant herpesvirus 7, klassifisert i gruppe 2,
      - Humant herpesvirus 8, klassifisert i gruppe 2 med merknaden «D»,
    - under uklassifiserte virus:
      - Morbillivirus frå hest, klassifisert i gruppe 4,
  - i lista «SOPPER»:
    - *Candida tropicalis*, klassifisert i gruppe 2,
    - *Cladophialophora bantiana* (tidlegare *Xylohypha bantiana*, *Cladosporium bantianum* eller *trichoides*), klassifisert i gruppe 3,
    - *Scedosporium apiospermum* (*Pseudallescheria boydii*), klassifisert i gruppe 2,
    - *Scedosporium prolificans (inflatum)*, klassifisert i gruppe 2.
2. I lista «BAKTERIER» vert det gjort følgjande endringar:
  - nemninga på agensen «*Pseudomonas mallei*» vert endra til «*Burkholderia mallei* (*Pseudomonas mallei*)»,
  - nemninga på agensen «*Pseudomonas pseudomallei*» vert endra til «*Burkholderia pseudomallei* (*Pseudomonas pseudomallei*)»,
  - nemninga på agensen «*Rochalimaea quintana*» vert endra til «*Bartonella quintana* (*Rochalimaea quintana*)».
3. I lista «VIRUS» vert det gjort følgjande endringar:
  - gruppa «*Arenaviridae*» skal ha følgjande oppstilling:
    - Lymfocytær choriomeningitt-Lassa-virusgrupper (arenavirus frå den gamle verda):
      - Lassavirus, klassifisert i gruppe 4,
      - Lymfocytær choriomeningitt-virus (nevrotrope stammer), klassifisert i gruppe 3,
      - Lymfocytær choriomeningitt-virus (andre stammer), klassifisert i gruppe 2,
      - Mopeiavirus, klassifisert i gruppe 2,
      - Andre lymfocytær choriomeningitt-Lassa-virusgrupper, klassifiserte i gruppe 2,

- Tacaribevirusgrupper (arenavirus frå den nye verda):
    - Guanarivirus, klassifisert i gruppe 4,
    - Junivirus, klassifisert i gruppe 4,
    - Sabivirus, klassifisert i gruppe 4,
    - Machupovirus, klassifisert i gruppe 4,
    - Flexalvirus, klassifisert i gruppe 3,
  - ordlyden «Mopeivirus og andre tacaribevirus» vert bytt ut med «Andre tacaribevirusgrupper», klassifiserte i gruppe 2,
  - I gruppa «Uklassifiserte virus» vert det gjort følgjande endringar:
    - ordlyden «Blodoverførte hepatittvirus som ennå ikke er identifisert» vert bytt ut med «Hepatittvirus som ennå ikke er identifisert»,
    - agensen «hepatitt E-virus» vert flytt frå gruppa «Uklassifiserte virus» til gruppa «*Caliciviridae*».
4. Teksta i fotnote «(i)», som står etter lista over virus, skal lyde: «Det foreligger ingen avgjørende bevis for at det hos mennesker kan forekomme infeksjoner som skyldes agenser som forårsaker bovin spongiform encefalopati. For laboratoriearbeid anbefales likevel inneslutningsnivå 3(\*\*) som forebyggende tiltak.»
-